



FAGFORBUNDET

Prinsipp- og handlingsprogram 2018–2021



NYNORSK

Innhold

Prinsippprogram	3
Handlingsprogram	6
Tariffpolitikk	6
Likestilling.....	8
Livslang læring.....	9
Arbeidsmiljø	12
Velferd og offentlig sektor.....	13
Næringspolitikk og sysselsetjing	16
Klima og miljø.....	17
Kulturelt mangfold.....	19
Alliansebygging	20
Solidaritet og internasjonalt arbeid.....	20

Prinsippprogram

Verdigrunnlag

Fagforbundet bygger politikken sin på fridom, likskap og solidaritet. Fagforbundet er ein handlekraftig kamporganisasjon som arbeider for å vidareutvikla og tryggja velferdsstaten.

Likeverd er eit gjennomgåande prinsipp, uavhengig av etnisk eller kulturell bakgrunn, alder, kjønnsidentitet, funksjonsnivå, seksuell orientering, religion eller livssyn. Det same prinsippet gjeld for internasjonal forståing, solidaritet og fleirkulturell integrering.

Kampen mot undertrykking, rasisme, hatefulle ytringar og diskriminering er ei prioritert oppgåve. Gjennom omtanke, samhald og solidaritet vil Fagforbundet styrka løns- og arbeidsvilkåra for medlemmene, sikra arbeidsplassane og sikra uføre og pensjonistar eit verdig tilvære. Arbeid er ein grunnleggande menneskerett og eit viktig grunnlag for at kvar enkelt skal ha trygge livsvilkår, fridom og høve til utfolding.

Politisk styring

Fagforbundet skal jobba for å vidareutvikla dei demokratiske tradisjonane i samfunnet gjennom nasjonal politikk, lokalt sjølvstyre og representasjon i folkevalde organ. Eit levande folkestyre bygger på engasjement og deltaking frå alle grupper i befolkninga. Tre folkevalde forvaltningsnivå må vidareførast. Regionråd og liknande samarbeidsorgan må ikkje setja til side lokaldemokratiet. Det er viktig at offentlege dokument og prosessar er ope tilgjengelege, slik at det er lagt til rette for demokratiske avgjersler. Fagforbundet meiner at det parlamentariske systemet ikkje er eigna for å sikra innbyggarane i kommunar og fylkeskommunar innsyn i offentlege prosessar.

Rettferdige løns- og arbeidsvilkår

Fagforbundet vil betra løns-, arbeids- og pensjonsvilkåra for medlemmene gjennom kollektive tariffavtalar, sentrale forhandlingar og ein solidarisk lønspolitik.

For å sikra ei rettferdig fordeling av samfunnsgoda vil Fagforbundet arbeida aktivt for ein lønspolitik som reduserer lønsskilnadene i Noreg. Løns-

politikken skal bygga på prinsippet om lik status og lik løn for arbeid av lik verdi i kvinnedominerte og mannsdominerte yrke. Alle skal ha lovfesta rett til heil stilling og fast tilsetjing. Fagforbundet sitt mål er å setja livskvalitet før forbruksvekst. Dette kan ein mellom anna oppnå gjennom ein kortare normalarbeidsdag.

Livslang læring

Utdanning skal vera ein rett og ei reell moglegheit for alle, uavhengig av sosial bakgrunn og økonomiske evner. Livslang læring aukar livskvaliteten, opnar moglegheiter for deltaking i arbeids- og samfunnsliv og sikrar behovet for kvalifisert arbeidskraft i takt med endringane i samfunnet. Alle skal ha høve til læring og kompetanseutvikling gjennom heile livet.

Sterke faglege rettar

Opparbeidde og framforhandla rettar er grunnlaget for fagrørsla sitt arbeid. Dei mest grunnleggjande er organisasjonsretten, forhandlingsretten og streikeretten. Samarbeid og alliansar med politiske parti og ulike organisasjonar sikrar at desse rettane vert bevarte og styrkte. All rett til medbestemming og innverknad må styrkast.

Likestilling

Likestilling skal vera eit gjennomgåande prinsipp som sikrar alle like høve til arbeid, karriere og familieliv. Sjansen til å ha eit godt arbeidsliv er ein menneskerett. Dette inneber rett til heil og fast stilling, ein jobb å leva med, ei løn å leva av og eit verdig pensjonisttilvære.

Internasjonal solidaritet

Eit solidarisk samfunn, nasjonalt og internasjonalt, fremmar demokrati og folkestyre og hindrar undertrykking, utbytting og naud. Samarbeid på tvers av landegrensene gjennom aktiv deltaking i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) og internasjonale arbeidstakarorganisasjonar er ein føresetnad for at faglege rettar vert gjorde gjeldande for arbeidstakarar i alle land.

Offentlege tenester med god kvalitet

Velferdsstaten er basert på prinsippet om å yta etter evne og få etter behov. Offentleg sektor er berygninga i velferdsstaten, og velferdsordningane skal

eigast, finansierast og drivast av det offentlege. Trygge, godt kvalifiserte og motiverte offentlege tilsette gjev dei beste tenestene. Privatisering, konkurranseutsetjing og utskiljing av offentlege tenester er ikkje løysinga på framtidens utfordringar.

Det må verta forbode å ta ut profitt eller konsernbidrag frå private verksemdar som leverer tenester på vegner av offentlege myndigheiter. Offentlege tenester skapar viktige verdiar for samfunnet.

Trepartssamarbeidet er viktig for å sikra offentlege tenester med høg kvalitet og å vareta verdiskaping og fordeling.

Klima og miljø

Livsgrunnlaget for noverande og framtidige generasjonar må sikrast gjennom offentleg eigarskap og kontroll over felles naturressursar, satsing på fornybar energi og gjennom å redusera forureininga. Ein aktiv miljøpolitikk er ein føresetnad for å forvalta naturressursane på ein berekraftig måte og bevare det biologiske mangfaldet. Ei berekraftig utvikling bygger på globalt samarbeid og forpliktande internasjonale avtalar.

Alliansar

Fagforbundet kan ikkje nå alle dei politiske målsetjingane sine åleine. Det er viktig med eit godt samarbeid med politiske parti og organisasjonar som deler Fagforbundet sin ideologi og verdiar.

Handlingsprogram

Tariffpolitikk

Tariffpolitikken til Fagforbundet bygger på den frie forhandlingsretten, ein solidarisk lønspolitikk og rettferdig fordeling av samfunnsgoda. Fagforbundet støttar frontfagmodellen, der konkurranseutsett næring set norma for inntektsutviklinga på dei andre områda. Dette krev likevel ei rettferdig fordeling mellom sektorar og yrkesgruppe, for å hindra at enkelte område systematisk får lågare lønsvekst enn andre.

All lønsdanning skal sikra ein solidarisk lønspolitikk, rettferdig fordeling og utjamning av sosiale skilnader gjennom kollektive avtalar.

Fagforbundet motarbeider konkurranseutsetjing og privatisering av offentlege tenester. Arbeidslivskriminalitet og sosial dumping er eit aukande problem i norsk arbeidsliv og utgjør eit trugsmål mot velferdsstaten, det organiserte arbeidslivet og tariffavtalane. Fleire arbeidsgjevartilknytingar enn tidlegare set inngåtte tariffavtalar under press. Fagforbundet vil sikra retten til arbeidskamp, mellom anna streik, sympatistreik og boikott.

- Arbeida for å sikra at offentleg sektor krev anstendige løns- og arbeidsvilkår for arbeidstakarar i bedrifter som leverer tenester til det offentlege.

I konkurransen om dei billigaste tenestene vert løns- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane angripne og svekte. Problemet må motarbeidast for å sikra tariffløn og pensjonsrettar for alle. Fagforbundet vil kjempa for at viktige føresegner i avtaleverket ikkje vert dårlegare ved skifte av tariffområde, og vil ta i bruk kampmiddel om det vert naudsynt. Streikebryteri er uakseptabelt. Streikeretten er naudsynt for å vareta arbeidstakarane sine interesser og må ikkje svekkast gjennom bruk av tvungen lønsnemnd.

Selskapsformer med ulike reglar for medverknad krev at tillitsvalde får naudsynt kunnskap om ulike avtalar på eit tidlegast mogleg tidspunkt. Lovfesta rett til innsyn i anbuds- og kontraktsforhandlingar er ein føresetnad. I alle omstillingsprosessar må påbodet om medråderett i Grunnlova følgast opp. Openheit og demokrati i avgjersleprosessar må sikrast på lik linje med innsynsrett og forhandlingsrett.

- Arbeida for at tillitsvalde og tilsette vert sikra reell medråderett og påverknad i saker.
- Arbeida for å sikra tillitsvalde i alle tariffområde rett til permisjon for å vareta verva sine.

Fagforbundet meiner at offentleg sektor har eit særleg ansvar for å sikra like vilkår for arbeidstakarane, og å forvalta samfunnet sine fellesverdiar. Innleige av arbeidstakarar gjennom bemanningsbyrå undergrev norsk arbeidsliv, og må avviklast. Elles må innleige handsamast i tråd med norsk lov- og avtaleverk og internasjonalt regelverk. Hovudregelen må vera fast tilsetjing og full stilling.

- Arbeida for at ILO-konvensjon nr. 94 vert følgd opp, for å sikra at det vert stilt krav om tariffavtale hjå kontraktørar og underleverandørar når ein hentar inn anbod.

Når ein skiftar tariffavtale, skal partane i kvar enkelt verksemd avtala kva løns- og arbeidsvilkår og pensjons- og forsikringsvilkår som skal vidareførast. Arbeidstakarar med kort oppteningstid er viktige i den samanheng. Alle som ønskjer det, skal ha høve til å stå i arbeid til oppnådd aldersgrense.

Fagforbundet jobbar for å halda på og betra pensjonsrettane til medlemmene. Ordningane må vera kjønns- og aldersnøytrale, og så langt som råd innehalda likelydande føresegrer i alle tariffavtalar. All inntekt må vera pensjonsgjevande.

Pensjonsrettane må ikkje svekkast når offentleg tenestepensjon og AFP skal tilpassast til endra folketrygd. Pensjonsyttingane skal utgjera minst to tredelar av inntekta. Verdien av samordningsfordelane må vidareførast. Tilsette i verksemdar som utfører offentleg finansierte tenester, skal vera sikra offentleg tenestepensjon.

- Arbeida for å styrka medlemmene sine pensjonsrettar i alle tariffområde.

Arbeidsmarknaden i Noreg er kjønnsdelt. Dette gjer at kvinnedominerte yrkesgrupper gjennomgåande har lågare stillingsprosent, lågare løn og status enn mannsdominerte grupper. Stillingsvurdering, kvotering, rekruttering til leiande stillingar og kompetanseheving er viktige verkemiddel i kampen for likeløn.

Fagforbundet vil arbeida for ei reform som inneheld ein arbeidstidsreduksjon med full lønnskompensasjon, til dømes sekstimarsdag. Reforma må ha eit heilskapleg perspektiv og bygga på erfaringar frå nasjonale og internasjonale forsøk. Fagforbundet vil at alle typar turnusordningar vert likestilte med skiftarbeid.

Likestilling

Det er framleis store utfordringar med likestillingsarbeidet i Noreg. Ulikskapar i arbeids- og samfunnsliv gjev ulik fordeling av inntekt, karriere og makt i menns favør. Ulik verdsetjing av manns- og kvinneyrke bidreg til å halda ved like eit kjønnsrelatert forsørgjar- og omsorgsmønster. Likestilling mellom kjønna er ein føresetnad for å oppnå like rettar og plikter i samfunnet, arbeidslivet og heimen. Økonomisk sjølvstende er den viktigaste føresetnaden for likestilling. For å sikra økonomisk sjølvstende må arbeidet med kjønnsnøytrale pensjonsordningar, likeløn, lågløn og retten til heile stillingar prioriterast. Fagforbundet er imot kontantstøtte og meiner at ordninga er eit tilbakesteg for likestilling i arbeidslivet. Like rettar og plikter må òg gjelda ved omsorg for barn.

- Arbeida for at kvinner og menn skal ha like høve til deltaking i arbeids-, samfunns- og organisasjonsliv.
- Arbeida for at kontantstøtteordninga vert avslutta.
- Arbeida for at likestillingslova vert styrkt, og at likestillingsombodet vert oppretta att.

Permisjonsrettar i samband med svangerskap og fødsel har eit klart kjønns-perspektiv. Dette gjeld både helseperspektivet for mor og born, og sosialt vern for mødrer. Kvinner har difor eit særskilt vern i norsk lov, som skal vareta andre forhold enn omsorgsansvaret. Endring i rettar til foreldrepermisjon er omfattande og kan ikkje gjennomførast utan at både kvinners og menns stilling vert vareteken. Skal fedrar og medforeldre ha ein reell sjanse til å ta større del av omsorgsansvaret, må retten til foreldrepengar vera knytt til eiga inntekt.

- Arbeida for å auka lengda på foreldrepermisjonen, for ei likare deling av foreldrepermisjonen og kvinners rettar ved svangerskap og fødsel.

- Arbeida for at fedrar/medforeldre opparbeider sjølvstendig rett til foreldre-pengar.

ILO-konvensjonen for barsel og svangerskap (nr. 183) krev at gravide i arbeidslivet skal beskyttast, og at alle kvinner har rett til fødselspermisjon før og etter fødsel, tilgang til helseordningar og amme-pausar. Det er eit mål at målsetjingane i konvensjonen vert innfridde.

Ulikskapane i helsetilbodet for kvinner og menn medfører ulik behandling for same sjukdomsforhold. Kvinnerrelaterte lidingar har lågare status, og forskning, diagnostisering, medisiner og behandling tek i for stor grad utgangspunkt i menns sjukdomsbilete. Såkalla «ubestemmelege helse-plager» og muskel- og skjelettlidningar vert ikkje definerte som yrkesskade-/sjukdom, og utløyser ikkje rett til yrkesskadeerstatning. Fagforbundet meiner at jobberelaterte skadar og sjukdommar må sidestillast med andre typar yrkesskade.

- Arbeida for at påkjenningslidningar gjev rett til yrkesskadeerstatning.

Vald i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem, og ei krenking av menneskerettane. Personar som er utsette for vald, har lågare yrkes-deltaking og dårlegare helse, og det er viktig at alle kommunar får oversikt over omfanget i sin kommune.

- Arbeida for at alle kommunar etablerer tiltak mot vald i nære relasjonar.

Prostitusjon vert definert som kjøp og sal av seksuelle tenester. Fagforbundet meiner kommunar og andre offentlege instansar må styrka sin innsats på det førebyggjande feltet og etablere tiltak for å hjelpa menneske ut av prostitusjon.

- Arbeida for konkrete tiltak for å førebygga prostitusjon og seksuelle overgrep.

Livslang læring

Kunnskap er makt, og difor har lik rett til utdanning alltid vore eit sentralt krav for fagrørsla. Alle må sikrast lik rett til grunnskule, vidaregåande opplæring, fagskule, høgare utdanning og etter- og vidareutdanning. Me må ha eit arbeidsliv som tek i bruk og vidareutviklar kompetansen til kvar enkelt.

Barnehagen er ein viktig grunnpilar i den norske velferdsstaten. Alle barn har krav på eit godt offentleg barnehagetilbod. Barnehagen skal gje trygge rammer rundt barns frie, spontane leik, læring og sosialisering. Barna skal få god omsorg med eit tilpassa pedagogisk opplegg som set barnet i sentrum.

Den offentlege fellesskulen legg grunnlaget i utdanningssystemet. Eit trygt læringsmiljø er avgjerande for utviklinga til kvar enkelt og av samfunnet. Fagforbundet ønskjer ein meir heilskapleg skuledag, trygge økonomiske rammer og ein skule som sikrar like moglegheiter for alle. Fagforbundet meiner at faglege rettar og plikter skal vera ein del av opplæringsplanen i vidaregåande skule.

I vaksen alder er livslang læring ofte knytt til arbeidslivet, med dagleg arbeid som ein viktig læringsarena. Vaksne si læring er viktig som verkemiddel for sosial utjamning og auka tryggleik. Fagforbundet skal vera pådrivar i utviklinga av utdanningstilbod og kompetansetiltak, og skal arbeida for at relevant kompetanse vert nytta av arbeidsgjevar og i kvart enkelt arbeidsfellesskap. Kvar arbeidsplass skal ha ein kompetanseplan utvikla i samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde. Alle tilsette skal ha rett til relevant kompetanseutvikling og økonomisk utteljing. Gode rammevilkår, stipend- og låneordningar og dekking av utgifter til livsopphald er ein viktig føresetnad for at alle kan nytta seg av aktuelle studietilbod.

- Arbeida for at utdanning på alle nivå skal vera i tråd med behova til individet, samfunnet og arbeidslivet.
- Arbeida for å styrka arbeidsplassbaserte tilbod innanfor fagopplæring og fagskule.
- Arbeida for at arbeidsgjevar tilbyr naudsynt kompetanseheving ved reformer, omorganisering og teknologiske endringar.

Det er behov for fleire lære- og praksisplassar. Prinsippet om rett til læreplass må lovfestast. Offentlege og private verksemder må påleggast å ta inn lærlingar, for å oppfylle samfunnskontrakten som er undertekna av partane i arbeidslivet.

- Arbeida for at alle verksemder som tek inn lærlingar, gjev ein garanti for å sikra at rettleiar har den kompetansen som skal til for å sikra eit godt fagleg opplæringstilbod til lærlingen.

- Arbeida for at kontraktørar og underleverandørar skal vera godkjende, aktive lærebedrifter.

Fagskulane skal tilby relevante utdanningar for fagarbeidarar som ønskjer fordjuping og spesialisering i sine fag. Fagforbundet vil arbeida for ei føreseieleg og betre finansieringsordning. Overordna styring og finansiering av utdanningssektoren skal vera eit offentleg ansvar. Utdanning gjennom fagskulen må gje studiepoeng og gode overgangar til høgare utdanning. Fagskulen må gjerast meir kjend og få ein tydelegare plass i utdannings-systemet.

Fagforbundet vil styrka fag- og yrkesopplæringa og rådgjevingstenesta i grunnopplæringa. Kvaliteten i karriererettleiinga må styrkast, for å bidra til likeverdige, tilgjengelege og godt kjende tilbod for unge og vaksne i alle livsfasar. Dette krev ei rådgjevingsteneste der fleire tilsette har yrkesfagleg bakgrunn. Fleire yrkesfaglærarar med relevant fagbrev må tilsetjast i fag- og yrkesopplæringa. Fagskuletilboda må vidareutviklast for å gje fleire påbyggingsmoglegheiter. Utdanningsystemet må opnast ytterlegare for å etablere eit mest mogleg saumlaust system. Partane i arbeidslivet er sentrale aktørar i å planlegga og setja i verk etter- og vidareutdanningstiltak.

- Arbeida for å styrka og synleggjera det offentlege fagskuletilbodet.
- Arbeida for at det vert oppretta fleire studium gjennom Y-vegen.
- Arbeida for å oppretta nye fag- og sveinebrev på relevante yrkesområde.
- Arbeida med å kvalitetssikra og leggja til rette for eksisterande og nye vaksenopplæringsordningar.

Me vil ha eit utdanningssystem som møter framtidige kompetansebehov, til det treng me framleis gode offentlege og desentraliserte høgskular og universitet som samarbeider tett med det lokale arbeidslivet. Utdanning skal vera gratis, og studentane skal ha ei studiefinansiering og studentvilkår som sikrar dei høvet til å studera på fulltid. Utdanningsinstitusjonane skal tilby god og praksisnær undervisning som førebur studentane på arbeidslivet.

Fagforbundet arbeider for kvalitetssikring av realkompetansevurdering og dokumentasjon på alle utdanningsnivå og i arbeidslivet. På grunnlag av slik dokumentasjon er det mogleg med opptak til høgare utdanning.

Forholda må leggast til rette for at arbeidslivet kan gjera seg nytte av utdanninga og arbeidserfaringa til arbeidstakarar med utanlandsk bakgrunn. Prosessen med godkjenning av utanlandsk utdanning må effektiviserast.

- Arbeida for at relevant kompetanse opparbeidd i andre land vert anerkjend og godkjend.
- Arbeida for gratis obligatorisk norskopplæring for alle minoritetsspråklege som kjem til Noreg.

Det er eit mål at arbeidslivet er tilrettelagt slik at fleire skal kunna stå lenger i arbeid og færre vert støytte ut. Det er eit felles samfunnsansvar å tilby befolkninga ei solid kompetanseutvikling frå barndom til alderdom. Livslang læring er ein naturleg del av livet til kvar enkelt i samfunn og arbeid.

Arbeidsmiljø

Lovgjevinga for arbeidslivet skal leggja ramma for eit godt arbeidsmiljø som sikrar den sosiale og velferdsmessige utviklinga i samfunnet. Dette inneber at arbeidsmiljølova må styrkast som ei vernelov som tek vare på alle arbeidstakarar gjennom aktive tiltak for å skapa helsefremjande arbeidsplassar, ved å førebygga påkjenningar, sjukdom og skade, og i tillegg tilby helsefremjande arbeidstidsordningar.

- Arbeida for at alle arbeidstakarar vert sikra ei verneteneste uavhengig av storleiken på verksemda.

Arbeidet med å sikra alle ein trygg arbeidskvardag fri for truslar og vald må intensiverast, og risikoen må reduserast. I arbeidssituasjonar med høg risiko for vald og trugsmål må det stillast krav om tilstrekkeleg bemanning, rett kompetanse og bruk av tekniske hjelpemiddel for å auka sikkerheita. Talet på alvorlege arbeidsskadar og dødsfall som kjem av arbeidsskade, er ikkje redusert dei siste åra. Det må difor leggast meir vekt på dette.

- Arbeida for å styrka arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS).
- Arbeida for at Stortinget vedtek ein nullvisjon om eit arbeidsliv som ikkje fører til tap av liv eller skade.

Alle har krav på tilrettelegging for å kunna halda på tilknytninga til arbeidslivet. Det skal leggast vekt på kvar enkelt arbeidstakers moglegheiter og føresetnader for inkludering i arbeidslivet. For å oppnå auka sysselsetjing av

personar med redusert funksjonsevne må ein arbeida for universell utforming av alle arbeidsplassar. Viss ein skal forhindra utstøying frå arbeidslivet, må alle former for diskriminering, mobbing og trakassering motverkast.

- Arbeida for ei arbeidslivsreform som tek opp i seg samspelet mellom arbeidslivet og eit godt privatliv.

For å skapa eit betre arbeidsmiljø er det naudsynt å intensivera informasjons- og skuleringsarbeidet, særleg på det psykososiale området, og det er naudsynt med fokus på varsling og ettervern for varslarar. Både leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette må få betre kunnskap om problemstillingar og verkemiddel. For å styrka HMS-kunnskapen må det innførast ei fleksibel og fast HMS-opplæring for verneombod, arbeidsmiljøutvalsmedlemmer og leiarar utover dagens grunnopplæring.

- Arbeida for at verneombod og hovudverneombod får betre vilkår for å utføra arbeidet sitt.
- Arbeida for ei offentleg godkjenningsordning for dei som gjev kurs i HMS, for å hindra useriøse aktørar.

Velferd og offentleg sektor

Berebjelkane i velferdsstaten er tenestene i offentleg sektor og det sosiale sikkerheitsnett, representerte gjennom utdanningssystemet, folketrygda, sjukelønsordninga og pensjonsordningane. Desse ordningane må vera eit offentleg ansvar. Me kan ikkje nå dei velferdspolitiske målsetjingane, mellom anna prioritering av dei svakast stilte og eit likeverdig tilbod for alle, når tenestene vert drivne av private aktørar med fortjeneste som målsetjing. Fagforbundet vil bidra til at kvaliteten på tenester i velferdsstaten vert vidareutvikla. Ein føresetnad for dette er at staten løyser oppgåvene i eigen regi.

- Arbeida for at staten utfører offentlege tenester i eigen regi, med høg kvalitet og forsvareleg bemanning.
- Arbeida for offentleg eigarskap og folkevald kontroll over infrastrukturen i samfunnet.

- Arbeida for at det vert utarbeidd etiske retningslinjer som gjeld innkjøp av varer og tenester i offentleg sektor.

Fagforbundet arbeider for ei sterkare nasjonal styring med spesialisthelsetenesta. Sjukehussektoren må tilbake til folkevald styring og demokratisk kontroll. Styra i helseføretaka må bestå av politisk valde representantar med lokal forankring og representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Føretaksorganiseringa må skiftast ut med forvaltningsstyring. Fagforbundet vil arbeida for at løyvingane til spesialisthelsetenesta er i samsvar med dei oppgåver og tenester som skal utførast. Lokalsjukehusa med akuttberedskap er naudsynte for å halda ved like levedyktige lokalsamfunn.

Kommune- og sjukehusøkonomien er for stram. Dette, kombinert med sterke marknadskrefter som ønskjer å overta større delar av offentleg verksemd, skapar grunnlag for konkurranseutsetjing, privatisering, sentralisering og utskiljing av tenester. Resultatet vert konkurranse på løns-, pensjons- og arbeidsvilkåra til dei tilsette, tenestene som innbyggjarane får, vert dårlegare, og kompetansen hjå dei tilsette vert dårlegare. Fagforbundet ønskjer ei rettvis økonomisk rammefordeling som kjem alle kommunar til gode.

- Arbeida for ein forpliktande økonomisk opptrappingsplan for offentleg sektor.

Skattesystemet er nøkkelen til rettvis fordeling, og er viktig for å jamna ut inntektsforskjellar. Rettvis skattlegging og at alle bidreg, er ein føresetnad for velferdsstaten, og for å sikra offentleg sektor ein økonomi som gjer det mogleg å løysa oppgåvene. Skattesystemet må ikkje svekka inntektsgrunnlaget for fellesskapen.

- Arbeida for regelverk som sikrar at offentlege midlar ikkje endar opp i skatteparadis.

Fagforbundet er imot eigenbetalingsordningar på viktige velferdstenester. Slike ordningar bidreg til ein usosial profil og strir mot prinsippet om lik rett til tenester.

- Arbeida for å fjerna avgifter, gebyr og eigenandelar på velferdstenester.
- Arbeida for at tannhelse vert likestilt med andre helsetenester.
- Arbeida for å sikra skattefrådrag for store sjukdomsutgifter.

For å sikra at nivået på sosialhjelpa er tilstrekkeleg og føreseieleg for mot-takarane, må det innførast ei felles norm. Inntektssikringa for dei som har eit meir varig behov for ytingar, må løysast på annan måte enn ved sosialhjelp. Fagforbundet vil arbeida for at gravferd vert eit offentleg ansvar.

Fagforbundet vil utvikla og styrka folketrygda, slik at ho framleis gjev økonomisk tryggleik for alle og bidreg til å jamna ut økonomisk ulikskap. Folketrygda skal vera berebjelken i pensjonssystemet. På ei rekke område er pensjonsordningane under press. Fagforbundet vil halda fast på verdien av ei god pensjonsordning i offentleg sektor og sikra avtalefesting av pensjon også i framtida.

Fagforbundet vil kjempa imot at ordningane vert dårlegare, og ei einssidig overføring av risiko frå arbeidsgjevar til arbeidstakar.

For Fagforbundet er det viktig at pensjonsordningane er føreseielege, livs-varige og like. Det er eit mål at pensjonsordningane er tilrettelagde slik at dei som av ulike grunnar går tidleg ut av arbeidslivet, får ein pensjon som gjer dette til eit reelt og realistisk alternativ.

Fagforbundet vil forsvara avtaleretten på pensjon der dette er tariffesta eller lovregulert, og vil kjempa for at fleire delar av arbeidslivet får forhandlingsrett på pensjon gjennom tariffavtalane. Fagforbundet vil, gjennom Pensjonistforbundet, arbeida for at forhandlingsrett for pensjonistar på trygdeoppgjera vert innført att. Det er viktig at det blir etablert gode uføre-ordningar innanfor alle tariffområde. Levealdersjusteringa på alderspensjonen til uføre må skjermast, og opptening må skje til 67 år. Fagforbundet vil auka minstenivået for innskot i innskotsordningane.

- Arbeida for at samla pensjon ved 67-årsalder ved ein normal yrkeskarriere skal gje ei inntektsdekning på minst to tredelar av løn. Pensjonsordningane skal vera kjønnsnøytrale og livsvarige.
- Arbeida for at alle, uavhengig av lønsnivå og stillingsstorleik, skal vera omfatta av lov- eller avtalefesta tenestepensjonar på minst to tredjedels inntekt.
- Arbeida for å forsvara og vidareutvikla ei offentleg folketrygd som fundament for framtidig pensjon, med om lag to tredjedels inntekt.

Sjukelønsordninga er eit kjerneelement i den norske velferdsstaten, og Fagforbundet er imot innføring av karensdagar. Personar med langvarig sjukefråvær som følgje av alvorleg sjukdom må takast særleg godt vare på. Fagforbundet vil at det skal utbetalast feriepengar av heile sjukelønsperioden, med lik prosentsats som for feriepengar opparbeidde i arbeid.

- Arbeida for ei god sjukelønsordning, og eit sterkt oppseiingsvern for sjuke-melde.
- Arbeida for at føresegnene i folketrygdlova om friskmelding til arbeidsformidling vert fjerna.

Pleie- og omsorgstrengande skal ha den hjelpa frå det offentlege som deira livssituasjon tilseier. Det offentlege tilbodet skal sikra befolkninga tilgang på forsvarleg støtte og hjelp, uavhengig av korleis ein bur.

Bustadpolitikken er ein del av fordelings- og velferdspolitikken, og alle har rett til ein plass å bu. Situasjonen på bustadmarknaden for ungdom og folk i etableringsfasen vert stadig vanskelegare. Staten og kommunen må leggja til rette for meir sosial bustadbygging.

- Arbeida for ein sosial bustadpolitikk gjennom sterkare statleg styring og auka tilskotsordningar for bygging av ikkje-kommersielle bustader.

Digitalisering fører til endringar i arbeidslivet og stiller nye krav til arbeidstakarane sin kompetanse. Det er viktig at det vert lagt til rette for at arbeidstakarane skal kunna utføra oppgåvene med ny teknologi. Difor er det viktig å styrka den digitale kompetansen. Den teknologiske utviklinga kan bidra til auka produktivitet i offentleg sektor og betre kvalitet på tenestene. Det er viktig å kartlegga risiko og sårbarheit som følgjer med dei nye teknologiske løysingane. Medråderetten og personvernet til arbeidstakarane må sikrast.

Næringspolitikk og sysselsetjing

I eit samfunn er arbeid til alle det beste fordelingspolitiske verkemiddelet. Mange vert støytt ut på grunn av at det vert stilt for høge krav til formell kompetanse, samstundes som det er ei utfordring å skaffa rett arbeidskraft. Både offentlege og private verksemdar har eit ansvar for å sikra arbeidstakarane tryggleik for arbeid og inntekt, ved å tilby arbeid av varig karakter, fast tilsetjing og rett opplæring.

Kommunar og fylkeskommunar er sentrale styringsverktøy, ikkje berre for velferdsordningar, men òg for sysselsetjing og regional fordeling. For å nå målet om arbeid til alle er det viktig at kommunane engasjerer seg meir i sysselsetjingspolitikk. I den blandingsøkonomien som det norske samfunnet bygger på, er det eit gjensidig tilknytingsforhold mellom offentleg og privat verksemd. Finansmarknadene må regulerast for å sikra politisk kontroll over økonomisk utvikling og sysselsetjing.

Ein aktiv næringspolitikk for å sikra verdiskaping, busetjing, arbeidsplassar og ei berekraftig utvikling er avhengig av eit stort engasjement frå ulike aktørar. Ei politisk styrt næringsutvikling må sikrast gjennom folkevalde demokratiske vedtaksorgan.

- Arbeida for at offentleg sektor vert ein viktig motor i det næringspolitiske utviklingsarbeidet.
- Arbeida for at det vert utvikla nærings- og sysselsetjingsplanar i alle kommunar.

Samspelet mellom næringsutvikling, landbruk og matproduksjon er ein viktig del av distriktspolitikken. Målet er ein nasjonal politikk med lokal forankring og lokal foredling. Det potensialet som ligg i fiskeri, sjømatproduksjon, forskning og utvikling frå havet knytt til bioteknologi, i tillegg til frå landbruk, skogbruk, bergverk og mineralutvinning, er viktig både for busetjing og ei berekraftig næringsutvikling. Innbyggjarar i strøk med mindre befolkningstettleik må òg kunna nytta godt av dei moglegheitene ny teknologi gjev befolkninga i byar og tettbygde strøk.

- Arbeida for å sikra arbeidsplassar gjennom ein aktiv distriktspolitik.
- Arbeida for å sikra norsk matproduksjon.
- Arbeida for god infrastruktur som stimulerer til verdiskaping og busetjing i distrikta.

Klima og miljø

Framtidige miljøutfordringar krev heilskapleg tenking. Livsgrunnlaget til dagens og framtidens generasjonar må sikrast betre, ved at me tek vare på naturressursane på ein berekraftig måte.

- Arbeida for ein heilskapleg politikk som sameiner omsynet til miljø, sysselsetjing, busetjing og velferd.
- Arbeida for auka satsing på fornybar energi, og for insentiv som gjer at folk føretrekker å spara energi.

I løpet av dei neste tiåra må Noreg, og verda, omstilla seg til å verta låg-utsleppssamfunn. For å klara det er det heilt naudsynt at Noreg lukkast med utsleppsreduksjonar innanlands, i alle sektorar. Noreg må òg bidra til å sikra at utviklingsland kan utvikla sine samfunn på ein berekraftig måte, samstundes som dei vert sikra ressursar til å tilpassa seg dei klimaendringane me ikkje kan unngå. Det er ein føresetnad for utvikling og verdiskaping at olje- og gassutvinninga over tid vert erstatta av andre, berekraftige energiløysingar. Gasskraftverk som vert bygde i Noreg, skal vera baserte på fullreinsing.

Ein offensiv miljøpolitikk må sjåast i samanheng med utviklinga av nye produksjonsformer og sysselsetjing. Ei storstilt satsing på alternative energikjelder og ny teknologi vil krevja fleire i arbeid i denne sektoren.

- Arbeida for auka miljøinnsats på tvers av landegrensene.
- Arbeida for at norsk olje- og gassproduksjon vert trappa ned i tråd med måla i Paris-avtalen.
- Arbeida for varig vern av havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja, og andre særleg sårbare område på norsk sokkel.

Klimapolitikk må sjåast i samanheng med ein aktiv næringspolitikk. Nye klimajobbar må koma som erstatning for dei jobbane som går tapt i sektorar som mistar arbeidsplassar, både innanfor offentleg og privat sektor. Grøne skattar skal medverka til at det vert lønsamt å nytta miljøvennlege varer og tenester. Auka avgifter knytte til forureining må nyttast til miljø- og energivennlege løysingar og tiltak.

- Arbeida for at alle verksemder vert miljøsertifiserte.
- Arbeida for å oppretta nye arbeidsplassar innanfor miljøsektoren.
- Arbeida for at grønne skattar skal vera progressive.

Miljøutfordringane er globale og krev både nasjonale og internasjonale løysingar. Rammevilkåra for all verksemd må ha internasjonale standardar

som sikrar ei berekraftig utvikling. Fagrørsla må spela ei sentral rolle i å utvikla heilskaplege miljøtiltak. Ei offensiv satsing på alternative energikjelder er naudsynt. Dette arbeidet må gå hand i hand med energiøkonomisering. Utsleppsreduksjon og energiøkonomisering er område der ein kan få best resultat ved å sjå sektorane i samanheng med kvarandre. Avfallssektoren og gjenvinningstiltak gjev fornybare energikjelder til mellom anna kollektivtrafikken. Staten må sørgja for at biometangass vert utvunnen og utnytta over heile landet, og bidra økonomisk til at dette kan gjennomførast. Ei satsing på energieffektivisering vil gje både mindre utslepp og betre utnytting av ressursane. Store delar av reduksjonen i klimagassutslepp må gjerast i kommunane, og energieffektivisering vert eit viktig verktøy i denne prosessen. Privatisering og konkurranseutsetjing svekker mogleghetene til styring og er til hinder for å utvikla offentleg sektor i ei klimavennleg retning.

- Arbeida for å sikra offentleg eigarskap og kontroll med avfallshandsaming.

Det er viktig med ein miljømessig tilrettelagd infrastruktur med gode transportløyningar på havet, i lufta og på land. Eit av dei beste miljøtiltaka for å styrka kollektivtrafikken er å heva kvaliteten og bygga ut tilbodet. Staten må setja inn naudsynte midlar til investeringar og drift, slik at det vert attraktivt å reisa kollektivt, uavhengig av kvar folk bur.

- Arbeida for eit godt kollektivtilbod som skal eigast og drivast av det offentlege.

Kulturelt mangfald

Kunst og kultur tilfører samfunnet og enkeltindivid varige verdiar. Kulturen si rolle i samfunnet må tydeleggjerast og verdsetjast, og ikkje reknast som ein utgiftspost i offentlege budsjett. Kulturlova frå 2007 pålegg stat, fylkeskommune og kommune å sørgja for at alle får oppleva kultur og delta i kulturaktivitetar, men gjev ingen føringar for innhald og kvalitet.

- Arbeida for at kulturlova vert styrkt og konkretisert i forskrifter.

Kulturomgrepet famnar breitt, og det er viktig at det vert lagt til rette for at heile breidda av kulturaktivitetar har tilfredsstillande møtestader og aktivitetsarenaer.

- Arbeida for at grunnleggande kulturtilbod får tilstrekkelege ressursar til å fylla funksjonen som møteplass og kulturarena.

- Arbeida for ein god og gratis kulturskule, og fritidsklubbtilbod i alle kommunar.

Kulturtilbod vert utvikla i samspel mellom kunstnarar, frivillige organisasjonar og offentleg tilsette kulturarbeidarar. I eit stadig meir kompleks samfunn må også kulturfeltet ha kompetente aktørar.

- Arbeida for at alle kommunar har naudsynt kulturfagleg kompetanse.

I eit fleirkulturelt samfunn må nye ressursar verdsetjast og takast i bruk. Samstundes må den materielle og immaterielle kulturarven vernast, som ei plattform til å forstå historia.

- Arbeida for å synleggjera og ta i bruk ressursane i eit fleirkulturelt samfunn.
- Arbeida for å styrka samisk kultur, språk og eigenart.

Alliansebygging

Fagforbundet skal arbeida for å styrka det fagleg-politiske samarbeidet med politiske parti som deler visjonar og mål med Fagforbundet. Det er viktig å bygga alliansar med arbeidstakarorganisasjonar og andre samfunnsengasjerte aktørar. Deltaking i samfunnsdebatten, både gjennom politisk leiing og lokale tillitsvalde, er vesentleg for å nå dei politiske måla til Fagforbundet.

Solidaritet og internasjonalt arbeid

Globalisering av økonomien, hard internasjonal konkurranse og innstrammingar i offentlege budsjett forverrar forholda for arbeidstakarar over store delar av verda. Kapitalinteresser fortrenger sosiale, menneskelege og miljømessige omsyn, og bidreg til aukande skilnader. Mange stader er retten til å organisera seg, inngå tariffavtalar og å driva fagleg arbeid forbode, eller sterkt avgrensa. Gjennom fagleg internasjonalt samarbeid vil Fagforbundet kjempa for å bygga ei sterk fagrørsla i alle land. Gode løns- og arbeidsvilkår er avgjerande for å kunna forsørgja familien og ha høve til å la barn gå på skule, og unngå barnarbeid.

- Arbeida for å sikra retten til å fagorganisera seg.

Selskap som er involverte i krenkingar av menneskerettane, krenking av individs rettar i krig eller konfliktsituasjonar, alvorleg miljøskade eller andre

grove brot på grunnleggande etiske normer, må stengast ute frå offentlege anbods-, innkjøps- og pensjonsordningar.

Norske arbeidstakarar vert dagleg påverka av dei avgjerslene som EU fattar, og EUs direktiv innskrenkar nasjonale verkemiddel mot sosial dumping og reduserer faglege rettar og velferdsordningar. Utviklinga av EØS-avtalen har fått eit omfang som går langt utover det som vart førespegla då avtalen vart inngått. Norske myndigheiter må difor sørge for ein grundig gjennomgang av avtalen for å sikra den norske arbeidslivsmodellen. Internasjonale handelsavtalar må bygga på openheit og demokratiske prosessar. Fagforbundet er imot mekanismar som avgrensar nasjonal suverenitet og demokratisk styring og kontroll.

- Krevja at ILO-konvensjonar, norske tariffavtalar og norsk arbeidslivslovgjeving vert gjevne forrang over EU-reglar.
- Krevja at norske myndigheiter aktivt nyttar reservasjonsretten og andre tilgjengelege verkemiddel når faglege rettar og den norske arbeidslivsmodellen vert pressa.
- Arbeida for at Noreg ikkje vert medlem i EU.
- Krevja full openheit rundt forhandlingane, og at offentlege tenester ikkje vert opna frå norsk side for utanlandske tilbydarar under TISA eller andre internasjonale handelsavtalar.

Det er millionar av flyktningar og internt fordrivne menneske i verda, og krigshandlingar er den viktigaste årsaka til dette. Internasjonal solidaritet, internasjonale konvensjonar og samkjensle tilseier at Noreg skal føra ein human asyl- og flyktningpolitikk, nasjonalt og internasjonalt. Ein verdig asyl- og flyktningpolitikk må vera i samsvar med råda frå FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR).

- Arbeida for at barnekonvensjonen må leggest til grunn for opphald i landet.
- Arbeida for ein meir human flyktningpolitikk.
- Stilla seg bak den internasjonale BDS-rørsla (Boikott, Desinvesteringar og Sanksjonar), og arbeida for ein internasjonal handelsboikott av Israel.

Nordområda vert Noregs viktigaste strategiske satsingsområde i åra som kjem, område som gjev moglegheiter og utfordringar knytte til forvaltning, miljø, næringsinteresser og sikkerheitspolitikk. Noreg har eit stort ansvar for sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling i nord, og for å handheva norsk lovgjeving og suverenitet.

- Arbeida for å styrka nordområdepolitikken nasjonalt og internasjonalt.

omtanke • solidaritet • samhold



FAGFORBUNDET